




# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2013.

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713

Årgang 49



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Karin S Holstad
Visepres:	Øystein Alme
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Jarle Kristiansen
Styremedlem:	Bernhard Harkjerr
Styremedlem:	Eileen H. Brandal
Ansv.red.:	Oddvar Haugen
Referent:	Vigdis Riise

## Fødselsdagar i november:

Arne Lillebø	24. november
Egil Utgård	26. november
Gunnar Riise	28. november

## En vinterdag til fjells.

Fra skyfri himmel slår du gnistrende ned  
og dekker de hviteste vidder av sne  
mot toppen av fjellet du trekker meg opp  
En lengsel og spenning styrer min kropp  
på toppen jeg hiver meg utfør på brett  
og føler at dette var aldeles rett.  
Jeg rir disse vidder et urørt terreng  
et eventyrland med et sjeldent refreng.

*Irene Jensen*

## **Rotarymøte 4. november 2013**

Møtet opna med song ” Blant alle lande” og Einar Holm fekk deretter ordet til å fortelje utdrag frå Hareid Idrettslag si 90-årige historie. Han ville fortelje om miljøet og arbeidet i laget og ikkje om ”tider, rekordar og tabellar”.

Hareid Turnlag vart skipa i 1922 og det var Egil Hernes som først foreslo å starte opp eit eige turnlag. Skipingsmøtet var på Trudvang og også ”Johanbuda” var mykje brukt som turnhall. ”Hernesperioden” varte til 1932.

Litt etter litt kom andre aktivitetar i gong, og Hjalmar Jakobsen var ein pådrivar til oppstart av første forballaget som tapte 1-10 mot Hødd! Med det vart sagt at hareidsdølane var flinkast på dansen etter kampen!

Lensmann Bernhard Harkjerr vart også ein ressurs i turn og friluftsliv der han starta opp 1. herretropp og gutetropp i turn og linjegymnastikk. Etter kvart kom også ei ”uanstendig” damegruppe. Turn og fotball var dei største aktivitetane, og det vart turna i mange løper og spela fotball på mange markar og på Hareidssanden/vika. Fotballdivisjonen vart starta i 1946, og etter krigen vart det også starta ei aktiv damehandballgruppe som gjorde det godt.

Desse laga hadde nokre ”fenomenale” turar rundt om på Sunnmøre på kampar og stemne i all slags ver og vind, men kjekt var det....

Hareid Turnlag endra namn til Hareid Idrettslag i 1971/1972.

## **Rotarymøte 11.november 2013**

Dette møtet var eit ope møte det ein kunne be med seg gjester som kunne ha interesse av meir informasjon om kva Rotary driv med.

Idar Flø var møteleiar og krydra med småhistorier.

President Karin Svendsen Holstad orienterte om Rotary International og om kva vi driv med lokalt og innan humanitært arbeid m.a Polio Plus.

Johan Ole Brandal fortalte om opptakta og idén til Rotarystien og iverksetjing av denne, i Johs. J. Hareide sitt presidentår - ein suksess som bidreg stort til trivsel og god folkehelse i Hareid.

Bjørn Teigene orienterte om arbeidet med restaurering av Kvernhuset som står ved Rorystien i Elvadamanane. Gunnar Hjørungnes har utført arbeidet som no er avslutta på huset, det står no att å tilføre vatn til kverna, noko som vil koste ca. 90.000,-.

John Stennes fortalte om prosjektet vi er med på i Sierra Leone der vår klub og andre klubbar i distriktet er med og sponsrar bygging av ein skule for born og ungdom.

Johan Ole Brandal orienterte også om eit prosjekt vi hadde i 2008 (?)etter tsunamien på Sri Lanka der vi i samarbeid med ein Rotaryklubb der kjøpte inn datamaskiner til ein skule.

Ingar Bigset fekk så ordet og fortalte om Holesanprosjektet der vi har vore med å saga og kløyvt ved til hytta, laga badeflote og køyrt til sand til borna som badar.

Karin Holstad orienterte om Sommarcampen vi var med på i sommar der ca 10 ungdomar var gjester på Søre Sunnmøre i ei veke.

Ingrid Holstad var vår utvekslingsstudent i Australia i 2009 og kunne ikkje få fullrost sitt opphold der. Ho oppmoda fleire ungdomar om å søkje seg eit år ”ut i verda”.

Idar Flø takka for samværet med ros til klubben og miljøet vi har her.

### **Rotarymøte 18. november 2013**

Denne kvelden var avsett til vår tradisjonsrike RØYRAFEST som denne gongen var på Klubbhuset.

Jørn Gjerde hadde hatt båt på Snipsøyrvatnet i fleire omgongar og hadde ca. 150 fiskar!!! Desse hadde han og Otto Holstad også sløya og gjort heilt klar til steikepanna.

Kjøkengjengen med Magnar som sjef, hadde gjort ein flott innsats, fisken med div godt tilbehør smakte nydeleg og medlemmene med følgje kosa seg, Vi vart også underhaldne med dans i 2 omgongar av ei "Line-dance " gruppe med 5 damer.

Kjekk kveld i godt lag.

### **Rotarymøte 25. november 2013**

Dette møtet var programfritt og der president Karin orienterte litt om programmet får desember med m.a. tur til Else Karlsen sitt museum i Brandal.